



GOL KOMMUNE

VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET

Vedtekter for kommunalt næringsfond i Gol kommune

§ 1. Heimel og kapital

Fondskapitalen er:

Næringsfondet kr 150 000,- innbetalt av Oslo Lysverker i medhald av pkt. 20 i konsesjonsvilkåra for Reguleringar og overføringar i Uste – Hallingdalsvassdraget oppretta ved Kgl.res.av 20.07.1962. 7 % av denne summen tilfall den gong som nå Gol kommune. For 2015 er totalsummen kring kr 1 920 000,-.(kpi –regulert) 7 % av dette er kr 119 590,- som blir overført til grunnkapital.

Fondskapitalen består av en grunnkapital og en kapital til fri disposisjon. Fondskapitalen utgjorde 31.12.2015 kr 15 814 869,-.

Avkastinga er:

Årlege konsesjonsavgifter etter 01.12.2012 som blir innbetalt frå:

1. Kons. 200762/131164 Reg. og overføringar i Uste – Hallingdalsvassdraget.
2. Kons. 210149/030649 Reg. i Åbjørvassdraget m.v.
3. Kons.210859/Ytt.reg. i Tisleifjord
4. Kons. 150257 Reg. av Flyvatn
5. Kons. 020940/040648 Reg. av Holselva og Votna m.v.
6. Kons.250157 Reg. av Hemsilvassdraget
7. Kons.140582 Ytt.overf. av Lya
8. Renter frå fondskapitalen og anna avkasting gitt ved Kgl.res.

Avkastinga kan Gol kommune nytte til tilskot.

§ 2 Føremål

Næringsfondet skal nyttast til å fremje fylgjande i prioritert rekkefylgje:

1. Etablering av ny næringsverksemd
2. Vidareutvikling av eksisterande bedrifter som gjev auka sysselsetting.
3. Vidareutvikling av eksisterande bedrifter som gjev auka tenester.

Inntil 20% av årleg beløp til utdeling kan gjevast som tilskot til arrangement. Tilskotet kan gjevast der det er tufta på eit samarbeid mellom næringsliv og lag/organisasjonar.

Fondet kan og nyttas til kommunale fellestiltak. Døme på dette kan være:

- *Kommunale næringsplanlegging, herunder marknadsføring, etableringsprosjekt, samarbeid skule / næringsliv og stadutviklingsprosjekt.*
- *Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd, til dømes kommunal tilrettelegging av næringsareal, fysisk stadutvikling og infrastruktur.*

Fondsmidlane kan ikkje bli brukt til å sanere gjeld eller til løpande drift i private verksemdar, eller i kommunen. Avdrag på lån og avlønning av tiltakskonsulent/næringsssjef reknast ikkje som kommunal løpande drift. Verksemdar som mottak betydelege overføringar over statsbudsjettet skal prioriterast lågt ved tildeling av midlar.

§ 3 Stønadssøknad

Stønad skal som hovudregel gjevast som tilskot.

Fondsmidlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det blir teikna kommunale aksjar, kan ikkje aksjeposten utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i verksemda. Dette gjeld likevel ikkje utviklingselskap, utleigebygg eller liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar. Alle former for aksjekjøp skal vedtakast av formannskapet i Gol kommune, og aksjane skal vera i kommunens eige.

§ 4 Forholdet til internasjonale avtaler

Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statstøtteområdet (sjå EØS – avtalas regelverk for offentleg støtte, EØS – tillegget til dei europeiske fellesskaps tidende nr. 32 av 3. september 1994 med seinare tillegg og endringar)

§ 5 Stønadsvilkår

1. Søknadsbeløp skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av det totale kapitalbehovet.
2. Ved søknad om tiltak som betrar moglegheitene for sysselsetting for unge arbeidstakarar, kan kommunen gje inntil 75 % finansiering.
3. Det skal ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld, ordinær drift eller ordinære investeringar i bedrifter.
4. Verksemdar som mottar stønad plikter å opplyse om annan offentleg stønad innan ei periode på tre år.
5. Stønad skal sjåast i samanheng med prioriterte satsingsområder i Gol kommune sin [næringsplan](#).
6. Verksemda som mottak stønad må på utbetalingstidspunktet vera registert og ha sin hovudverksemd i Gol kommune.
7. Verksemdar som mottak stønad må innan eit år frå utbetalingstidspunktet sluttrapportere på korleis stønaden brukt. Dersom ein innan denne fristen ikkje har brukt innvilga stønad, må det innan same frist gjerast greie for vidare framdrift.

Verksemdar som mottak stønad plikter å opplyse om annan offentleg stønad innan ei periode på tre år.

§ 6 Søknad

Det er 2 årleg søknadsfristar for lån og tilskot. Desse er 10. januar og 1. august.

Søknader skal innehalde følgjande opplysningar:

1. Kort omtale av verksemda.
2. Forretningsplan / prosjektoamtale
3. Budsjett, rekneskap og investerings- / finansieringsramme.
4. Opplysningar om det er søkt om stønad frå andre offentlege stønadsordningar.

Rådmannen vil innhente kredittopplysningar om søkjar.

§ 7 Forvalting

Formannskapet er fondstyre og skal avgjer søknader om stønad frå fondet, jf. § 2. Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto og slik at midlane er disponible til kvar tid.

Anna plassering av midlane kan berre godtas dersom det ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til kvar tid.

§ 8 Klageadgang

§ 8.1 Lovligheitsklage

Etter [kommunelovas §59](#) kan tre eller fleire medlemmar av kommunestyret saman bringe avgjersle fatta av eit folkevald organ eller kommuneadministrasjonen inn for departementet til kontroll av lovlegheita av avgjersla. Departementet si mynde til å avgjere lovlegheitsklager er delegert til Fylkesmannen, jf. Rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse har klagerett.

§ 8.2 Forvaltningsklage

Vedtak om avslag på søknad om stønad må vert rekna som enkeltvedtak etter [forvaltningslovas § 2](#). Etter [forvaltningslovas §28 andre ledd](#) kan enkeltvedtak fatta av forvaltningsorgan oppretta i medhald av kommunelova, påklagast til kommunestyret eller ei særskild klagenemnd. Når det påklaga vedtaket er fatta av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet si mynde til å avgjere forvaltningsklager er delegert til Fylkesmannen, jf. Rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.

Den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse har klagerett.

Kommunestyret er klageorgan i saker som omhandlar stønad frå næringsfondet. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen vedtaket kom fram. Eventuell klage skal sendast til: Gol kommune, 3550 Gol eller postmottak@gol.kommune.no. Klaga skal vere underteikna, må oppgje det vedtaket det klagast over, oppgje dei endringar ein krev og dei grunnar klagen støttar seg på.

§ 9 Årsmelding

Formannskapet legg fram årsmelding om verksemda til fondet for kommunestyret. Gjenpart av denne meldinga blir sendt til fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 10 Godkjenning av vedtekter

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av fylkesmannen. Kopi av vedtektene blir send til fylkeskommunen.

Vedtektene er vedtekne av Gol kommunestyre i sak 52/16 den 21.06.16